

Trafikktryggleiksutvalet
Statens Vegvesen
c/o Johannes Tubbene
6863 Leikanger
Sogndal, 26.10.17

TRAFIKKTRYGGLEIKSKAMPANJE 2018

NFF Sogn og Fjordane tykkjer vi i 2017 har hatt ei rekkje gode prosjekt. Tiltaka er ei fin blanding mellom PR, enkelttiltak og varig haldningsskapande arbeid i klubb.

NFF Sogn og Fjordane sin fylkesomfattande aktivitet og store medlemsmasse gjev samarbeidet med FTU ei stor eksponeringsflate. I trekanten skule-heim- og fritid, er fotball for mange den viktigaste fritidsaktiviteten. Gode og førebyggjande tiltak er difor ein viktig. NFF Sogn og Fjordane ønskjer å vidareføre det gode samarbeidet med FTU.

Vi vil særleg framheve arbeidet blant born på miniputt turneringane (500 lag, 32 turneringar fordelt på 2 søndagar vår og 2 søndagar haust). Miniputt turneringane har alltid fokus på trygg parkering og trafikktryggleiks tiltak/konkurransar.

Vi må også nemne at vi neste år skal profilere oss på 4 Tippeligakampar med storskjerm framsyning (bruk bilbelte og køyr varsamt).

Vi ber dykk også legge merke til alle eksponeringsflatene, der vi informerer om trafikktryggleik og beredskap. Vi snakkar om langt over 1000 klubbleiarar i året.

NFF Sogn og Fjordane har også ei utviklingsavtale med fylke, der vi jobbar med andre element som styrker den total tryggleikstenkinga. Vi nemner Trygg fotball og tema som politiattest til tillitsvalde, beredskapsplanar, fair play, måtehaldareid osv. Viktig at FTU ser at trafikktrygging og måtehald/rusarbeid er ein del av ei større heilskapstenking i vårt arbeid.

I 2014 starta NFF opp «kvalitetsklubbprosjektet». Det er eit UEFA inspirert kvalitetssystem, som sertifiserer breiddeklubb ut frå ulike kvalitetskriterier. I Sogn og Fjordane er no 15 klubbar med på ulike nivå i prosessen. I dag er Sandane T og IL, Vik T og IL, Førde IL, Eikefjord IL, IL Jotun og Stryn sertifisert. I tillegg nærmar Florø, Dale og Eid seg krava for sertifisering.

Av desse klubbane er Sandane T og IL, Vik IL, Førde IL, Stryn T og IL og IL Jotun sertifisert som Trafikksikker klubb i 2016. I år har vi jobba med Eikefjord, Eid og Kaupanger. Truleg kjem vi i mål med Eid og Kaupanger i løpet av året. Når klubbane er klare vil vi som i fjor ha med Audun Heggstad i Trygg Trafikk og gjennomføre eit sertifiseringsmøte. Vi ønskjer også i 2017 og 2018, som ein del av sertifiseringspakken, å betale ut kr. 5000,- pr klubb som når Kvalitetsklubb Nivå 1 og som også er sertifisert som Trafikksikker klubb.

Det arbeidet vil vi gjennomføre i lag med Audun Heggstad i Trygg Trafikk. Det medfører at avtala får ein større og tyngre dimensjon, etter kvart som nye klubbar blir sertifisert og sluttar seg til arbeidet.

Eit morosamt og nytt tiltak i år, var streaming av Innandørs KM på Sandane, Vi brukte Sogndal VGS si medialinje, og køyrte eit veldig proff direktesending frå finalane på Sandane. Tiltaket vart veldig populært og over 8000 var inn og såg, Her la vi ut reklame og hadde livesending, også med trafikktryggleik som tema. Vi skal gjennomføre det også i 2018.

NFF Sogn og Fjordane ønskjer elles å følge opp avtalepunkta etter beste evne. De ser at vedlagde aktivitetsplan for 2018 også er variert og omfattande.

SØKNAD

Ut frå vedlagt aktivitetsplan vil NFF Sogn og Fjordane søkje FTU om **driftsstønad på 80 000** kroner i 2018.

Driftsstønaden skal dekkje arbeid, reise, materiell internett profilering, reklame på utstyr, utsending og ikkje minst kostnadar ved reise og deltaking på ulike tiltak og arrangement.

Av desse midlande betalar vi ut 5000 pr. klubb som blir sertifisert til Nivå 1 i kvalitetsklubbprosjektet, og som har trafikktrygging i sine basisstatuttar.

Med vennleg helsing

NFF Sogn og Fjordane

Svein Olav Myklebust

Dagleg leiar

Robert Endestad

Styreleiar

BUDSJETT SAMARBEIDSPROSJEKT 2018						
TID	STAD	AKTIVITET	PRIS,FTU	ARBEID SEFK	ARBEID AVTALEPARTNARAR	STATUS
GENER.						
2018	Kor	Generell profilering Heimeside, facebook, kurs, samlingar		Innplassere logoar+ omiale, Konvolutter, brevark osv.	FTU/TT. Oversende eventuelt nye logoar	
24.-25.11	Førde	Miljøhelg	10 000,00			
Februar	Eid	Oppmanningsmøter, informasjon	2 000,00	Storskjermframvising	Beredskapsplan/trafikktrygge klubbar	
Februar	Førde	Oppmanningsmøter, informasjon		Kalle inn/leie møte. Storskjermvising	Beredskapsplan/trafikktrygge klubbar	
Februar	Sogndal	Oppmanningsmøter, informasjon		Kalle inn/leie møte. Storskjermvising	Beredskapsplan/trafikktrygge klubbar	
Vår	Fylket	Miniputtbrosjyre	2 000,00	Lage til folder i 2000 eks. distribusjon	FTU. Avtalt på koordineringsmøte	
04.apr	Skei Hotel	Miniputt kick off Skei-nasjonal førerlagshaidar		Informasjon	Trafikktrygging i miniputt fotballen/frukt og grønt osv	
30.apr	Sogndal	Sogndal-Lillestrøm	2 000,00	Storskjermannonse	FTU/SV/NFF Sogn og Fjordane	
17.sep	Sogndal	Tippeliga, Sogndal -Haugesund	2 000,00	Storskjermannonse	Trafikktrygging	
26.nov	Sogndal	Tippeliga, Sogndal-Vålerenga	2 000,00	Storskjermannonse	Trafikktrygging	
BORN						
06.mai	Fylket	Runde 1 Kongleriket	12 000,00	Fokus på parkering/køring/speaker/veste	NFF Sogn og Fjordane	
10.jun	Fylket	Runde 2 Kongleriket		Fokus på parkering/køring/speaker/veste	NFF Sogn og Fjordane	
02.sep	Fylket	Runde 3 Kongleriket		Fokus på parkering/køring/speaker/veste	NFF Sogn og Fjordane	
23.sep	Fylket	Runde 4 Kongleriket-Hovudfokus		Fokus på parkering/køring/speaker/veste	FTU/TT bidreg med materiell etc	
23.sep	Fylket	Konkurranse beste trafiksikkert lag	6000	Premiar til konkurranse	Konkurranse vedr. Trygg transport	
UNGDOM						
		8 arrangement pr runde, 520 lag		Kretsrepresentantar tilstades	Fokus på parkering, bruk av bilbelte	
03.-04. febr.	Leikanger	Kvalifisering Innand. KM-alderfastil	8 000,00	Høgalarannonsering, parkering	NFF Sogn og Fj, FTU	
03.-04. febr.	Jotun	Kvalifisering Innand. KM-alderfastil.		Reiningslinjer ved køyring	NFF Sogn og Fj, FTU	
03.-04. febr.	Førde IL	Kvalifisering Innand. KM-alderfastil			NFF Sogn og Fj, FTU	
03.-04. febr.	Stryn T og IL	Kvalifisering Innand. KM-alderfastil			NFF Sogn og Fj, FTU	
03.04.april	Sandane	Finalar Innandørs KM. Arrangør: STIL	4 000,00	Høgalarannonsering, parkering	NFF Sogn og Fj, FTU	
Vinter 2018	Fylke	Fotballskular- ny logo i år	6 000,00	Trykk på 200 Genserar (0-0 logo blir skifta)	NFF Sogn og Fj, FTU	
KLUBB						
2018	Fylket	2-4 Nye Kvalitetsklubber	20 000,00	5000 pr. klubb, som er sertifisert Traf. Klut	Trafikksikker klubb	
VAKSNE						
10.des	Gløppen	KM Futsal Innandørs, senior, arr. STIL	4 000,00	Høgalarannonns, parkering, vakter	NFF Sogn og Fj, FTU	
Ønske				Streaming med reklame-8000 klikk		
Refleks		Eit volum med refleks til utdeling				
TOTAL SØKNADSSI			2018	kr		
			80 000,00			
INNVLGA STØNADSBELOP 2018						